


Protokollar

2000

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 14/06-01 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 17.30

Desse møtte:

Knut Steinsvik

Ola Selbervik

Nils Trovåg

Enok Kippersund

Oddrun Aarflot

Styreleiar Kari Aamaas møtte på vegne av styret

Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Oddrun Aarflot og Ola Selbervik vart vald til å skrive under møteboka.

REP.SAK 01-00. GODKJENNING AV AARSMELDING OG REKNESKAP FOR 2000.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Representantskapen godkjenner årsmelding og rekneskapen for 2000 slik det ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å sette av overskotet til inndekking av tidligare års underskot.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

REP.SAK 02-00. REVIDERT BUDSJETT 2001.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)


Representantskapen godkjenner det framlagde reviderte budsjettet slik det ligg føre.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

REP.SAK 03-00. ORIENTERINGSSAK- DRIFT AV VØR.

Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift.

Rett utskrift 14.06.01


Petter Bjørdal
referent


Oddrun Aarflot


Ola Selbervik

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR mandag 13.11.00 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 17.30

Desse møtte:

Knut Steinsvik

Ingrunn Humberset

Oddrun Aarflot

Inger Aakre

Brynjulf Skurtveit

Arild Iversen

Nils Trovåg

Styreleiar Kari Aamaas møtte på vegne av styret

Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen

Ola Selbervik melde avbod På grunn av kort tidsfrist vart det ikkje kalla inn vara.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Knut Steinsvik, Oddrun Aarflot og Brynjulf Skurtveit vart vald til å skrive under møteboka.

REP.SAK 04-00. GODKJENNING AV BUDSJETT FOR ÅR 2000.

VEDTAK (7 RØYSTEFØRE)

Representantskapen vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå Volda og Ørsta kommunestyre å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2001.

Alle summer ekskl. MVA

- 1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:
 - a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 l dunk kr 1732,-
 - b) Standardhushald Henting kvar veke 140 l dunk kr 1929,-
 - c) Storhushald. Henting kvar veke 240 l dunk kr 3628,-
 - d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 l dunk kr 1615,-
 - e) Storhushald med kompostering Henting annakvar veke 240 l dunk kr 3183,-
 - f) Samarbeid intil 2 abonnentar, henting annakvar veke 140 l dunk kr 1677,-
 - g) Samarbeid om 140l/ 240l /340l / 660 l, henting kvar veke pr abbonent kr 1827,-
2. Pris pr kolli sekk: 45,-
3. Gebyr pr tonn for grovavfall usortert 1875,-
4. Gebyr pr tonn for grovavfall sortert 1555,-
5. Gebyr pr tonn for levert papp / papir. 550,-
6. Gebyr pr tonn for levert sortert metall 550,-
7. Gebyr pr tonn for levert isopor 3500,-

8. Gebyr pr tonn for levert avfall til brenning	1823,-
9. Sorteringsgebyr	600,-
10. Gebyr for næringer:	
a) Årsgebyr	2194,-
b) Årsgebyr 240 l dunk	4388,-
c) Årsgebyr 340 l dunk	6582,-
d) Årsgebyr 660 l dunk	10970,-

SLAM	HEILÅRSBUSTAD.	FRITIDSBUSTAD
11.1 Gebyr pr tank intil 4,5 m3	643,-	321,50
11.2 Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	1024,-	512,-
11.3 Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	1530,-	765,-
11.4 Gebyr pr m3 over 4,5 m3		360,-

Pos 11. Slammet blir tømt annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

2. Representantskapen søkjer med dette Volda og Ørsta Kommune å ta opp eit lån stort kr 3.950.000 til finansiering av investeringar i år 2001.
Summen vert å dele på kommunene med 50% kvar.

3. Representantskapen ber styret i VØR lage eit informasjonsopplegg for abonnentane som skal sendast ut før faktureringa neste år.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Representantskapen drøfta det framlagde budsjettet nøye. Representantskapen kom med slikt fellesframlegg til punkt 3 i vedtaket:


3. Representantskapen ber styret i VØR lage eit informasjonsopplegg for abonnentane som skal sendast ut før faktureringa neste år.

Elles vart framlegget frå styret vedteke samrøystes.

REP.SAK 05-00. ORIENTERINGSSAK- DRIFT AV VØR.

Dagleg leiar orienterte om drifta til VØR. Representantskapen gav honnør til det arbeidet dei tilsette utfører for innbygarane.

Rett utskrift 13.11.00


 Petter Bjørdal Oddrun Aarflot Knut Steinsvik Brynjulf Skurtveit
 referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 15.03.01

Møtet tok til 15.00

Møtet slutta 20.30

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog (gjekk kl 19.30 etter handsaminga av sak 07-01.)

Ann Britt Våge Fannemel (frå 16.00)

Ove Standal

Knut Steinsvik

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet.

Det var ikkje merknader til innkallinga.

Saklista vart godkjend med tillegg av sak 09-01 Søknad Røde Kors, 10-01 Kjøp av bil, 11-01 Drøftingssak vedkomande utspel frå Bøstrand.

SAKLISTE:

SAK NR 02-01: REFERATSAKER

Følgande saker vart referert

Gisle Myklebust - brev. Brev frå forbrukarrådet. Arbeidsuhell - informasjon. Avtalar med kundar - informasjon. Grovavfall på bygdene. Utspel frå Norsk Gjennvinning.

Dagleg leiar får høve til å reise på kurs i Miljøfyrtårn. Kostnaden med dette må han dekkje sjølv. Arbeidet skal han utføre i fritida.

BREV FRÅ ELEKTROFORRETNINGAR.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Styret vedtek med visning til saksutgreiinga å avslå søknaden om at VØR skal ta imot elektroforretningane sitt E.E. avfall gratis.

Samrøystes vedtak

Handsaminga:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

HEIMESIDE.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret vedtek å gi studentane som har laga heimesida eit tilskot til reisekassa på kr 5000,-

Samrøystes vedtak

Handsaminga:

Samrøystes etter tilråding frå leiar. Saka framlagt utan tilråding.

SAK 03-01. ÅRSMELDING 2000.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Styret godkjenner den framlagde årsmelding slik den ligg føre. Styret ber om at den blir lagt fram for representantskapen til endeleg godkjenning.

Samrøystes vedtak

Handsaminga:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

SAK 04-01. REKNESKAP 2000.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Styret godkjenner det framlagde førebelse rekneskapet under føresetnad av at det blir godkjent av revisor. Styret ber om at den blir lagt fram for representantskapen til godkjenning når revisormelding ligg føre.
2. Styret vedtek å sette av overskotet til inndekking av tidligare års underskot. Styret ber representantskapen å gjer likelydande vedtak

Samrøystes vedtak

Handsaminga:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

SAK 05-01. REVIDERT BUDSJETT 2001.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

- 1 Styret godkjenner det framlagde reviderte budsjettet, og ber om at den blir lagt fram for representantskapen til godkjenning.
- 2 Styret vedtek å sette ned avgift til brenning til kr 1350,- pr tonn og avgift på grovavfall til kr 1450,- pr tonn frå 01.03.01 i samsvar med revidert budsjett. Verksemder med avtale kan få volumrabatt på grovavfallet intil kr 100,- pr tonn.
- 3 Styret gir dagleg leiar fullmakt til å tinge fram tenlege avtalar med næringslivskundane på dei konkurranseutsette avfallsfraksjonane. Stillingsinnstruks vert å endre i samsvar med framlagt utgåve dagsett 02.03.01
- 4 Styret vedtek at varer som vert sett i bytekroken skal betalast for som grovavfall.

Samrøystes vedtak punkt 1, 3 og 4. Punkt 2 vedteken med 4 mot 1 stemme. (Ove Lid)

Handsaminga:

Styreleiar kom med slikt endra framlegg til vedtak punkt 2.

Styret vedtek å sette ned avgift til brenning til kr 1350,- pr tonn og avgift på grovavfall til kr 1450,- pr tonn frå 01.03.01 i samsvar med revidert budsjett. Verksemder med avtale kan få volumrabatt på grovavfallet intil kr 100,- pr tonn.

Styret kom med fellesframlegg punkt 4. Styret vedtek at varer som vert sett i bytekroken skal betalast for som grovavfall.

Tilråding til vedtak.

1. Styret godkjenner det framlagde reviderte budsjettet, og ber om at den blir lagt fram for representantskapen til godkjenning.
2. Styret vedtek å sette ned avgiftene på grovavfall og avfall til brenning frå 01.03.01 til kr 1350,- pr tonn frå 01.03.01 i samsvar med revidert budsjett.

3. Styret gir dagleg leiar fullmakt til å tinge fram tenlege avtalar med næringslivskundane på dei konkurranseutsette avfallsfraksjonane. Stillingsinstruks vert å endre i samsvar med framlagt utgåve dagsett 02.03.01

**Sak nr 06-01 GODKJENNING AV AVTALE KRAN OG MILJØSERVICE AS
VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

1. Styret vedtek å kjøpe firmaet Tor Brenne AS ilag med firmaet Vartdal Transport AS og Roger Vartdal. Kjøpet vert å stifte som eige aksjeselskap med firmanamnet Kran og Miljøservice AS, der VØR går inn i selskapet med ein aksjekapital stor kr 150.000,- og Roger Vartdal og Vartdal Transport AS går inn med aksjekapital stor kr 200.000,-
2. Styret godkjenner stiftingsprotokoll og vedtekter for Kran og Miljøservice AS slik som dei ligg føre i utgåve dagsett 19.03.01
3. Styret vel styreleiar som representant til generalforsamlinga.

Samrøystes vedtak.

Handsaminga.

Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

**SAK 07-01. ARBEIDET MED Å FÅ TIL EIN NY GROVAVFALLSFYLLPlass
VEDTAK 5 RØYSTEFØRE**

Styret ber administrasjonen arbeide vidare med planane om å etablere grovavfallsplass i regionen.

Styret vil ta endeleg stilling til saka når konsesjonsvilkåra og detaljert investeringskalkyle ligg føre.

Samrøystes vedteke.

Handsaminga

Vedtak i samsvar med tilrådinga.

**SAK 08-01. INTERNKONTROLL.
VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)**

1. Styret godkjenner det reviderte internkontrollsystemet slik det ligg føre med endringar
2. Styret delegerar til dagleg leiar å gjere mindre endringar i IK-systemet om det skulle vere nødvendig.

Samrøystes vedteke.

Handsaminga

Styret bad administrasjonen gjere endringar i instruksane slik at stillingsbruken vert konsekvent. Leiar kom med framlegg om tillegg til punkt 1: ... med endringar.

Tilråding til vedtak.

1. Styret godkjenner det reviderte internkontrollsystemet slik det ligg føre.
2. Styret delegerar til dagleg leiar å gjere mindre endringar i IK-systemet om det skulle vere nødvendig.

**SAK 09-01. SØKNAD OM FRITAK FOR AVGIFT - LEVERING AV GROVAVFALL.
VEDTAK 4 RØYSTEFØRE**

1. Styret avslår søknaden om fritak for avgift frå Volda Røde Kors.
2. Styret ber administrasjonen til neste møte fremje sak på kven som skal sponsast i år.

Samrøystes vedtak

Handsaminga

Fellesframlegg nytt punkt 2. Styret ber administrasjonen til neste møte fremje sak på kven som skal sponsast i år.

Tilråding til vedtak.

Styret avslår søknaden om fritak for avgift frå Volda Røde Kors.

Sak nr 10-01 KJØP AV BIL

VEDTAK 3 RØYSTEFØRE

Styret vedtek å med visning til vedtekne budsjett og framlagde tilbod å kjøpe renovasjonsbil innafor ei samla ramme på kr 1.100.000,- kr.

Styret vel å nytte seg av det billigaste tilbodet som er frå Norsk Scania / Øyhaugen AS.

Investeringa vert å finansiere kortsiktig via Norsk Scania, fram til årets låneopptak er godkjent av representantskapen / kommunestyra.

Samrøystes vedtak

Handsaminga

Vedteke i samsvar med tilrådinga.

Sak nr 11-01 DRØFTINGSK - UTSPEL FRÅ BØSTRAND

SAKA GAV IKKJE HØVE FOR VEDTAK

Styret drøfta eit muntleg utspel som P.Å. Bøstrand kom med overfor styreleiar og dagleg leiar. Saka gav ikkje høve til vedtak.

Rett utskrift 15.03.01

Kari Aamaas
Kari Aamaas

Ove Lid
Ove Lid

Ove Standal
Ove Standal

Ann Britt V. Fannemel
Ann Britt Vaage Fannemel

Ivar Aarskog

Petter Bjørdal
Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 13.12.00

Møtet tok til 15.00
Møtet slutta 17.30

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ivar Aarskog
Ann Britt Våge Fannemel
Knut Steinsvik.
Bjørn Øren

Melde avbod: Ove Standal Ann Britt Vaage Fannemel fekk permisjon etter handsaming av sak 40 og 43.

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga, men det var merknader til at mange saker vart lagt fram på møtet. Saklista vart utvida med sak 43-00. Nemd for organisering av VØR. Sak 44-00 Avtale sortering av papir. Sak 45-00. Dekking av skade. Sak 46-00 Referatsaker. Kari Aamaas og Bjørn Øren vart valt til å skrive under møteboka. Sak 43-00 vart handsama først på saklista.

SAKLISTE:

SAK NR 43-00: NEMDA FOR ORGANISERING AV VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Handsaminga.

Administrasjonen la fram denne saka til orientering. Tilrådinga til nemda er no til kvalitetssikring hos Kommunekreditt. Kommunestyra vil truleg få denne saka i januar 2001. Styret tok saka til vitande.

SAK: 40-00. TILSETTINGSSAKER. VEDTAK (5 RØYSTEFØRE.)

1. Styret vedtek å tilsette Ove Myklebust i stilling som renovasjonsmedarbeidar med virkning frå 01.11.00, til erstatning for Håkon Osvoll som no er gått av med pensjon. Myklebust vert å plassere i stillingskode 6014, ltr 15, ansienitet 0792. Dagleg leiar vert bedd om å utarbeide arbeidsavtale snarast.

2. Styret vedtek med visning til at Stein Egset har vore sjukemeldt eit år, at Frode Berge får stilling 7542 spesialarbeidar med ltr 25 frå 01.01.01
Dagleg leiar vert bedd om å utarbeide arbeidsavtale snarast.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Administrasjonens tilråding vart vedteken.

SAK: 41-00. KLAGER PÅ VEDTAK – DRØFTINGSSAK.

Handsaminga

Innkomne klager vart framlagt. Saka vart deretter drøfta nøye utan realitetshandsaming.

SAK: 42-00. FAKTURERING AV DUNKANE.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE.)

1. Styret vedtek med visning til at VØR dette året har hatt god kostnads og inntekts kontroll, å ikkje fakturere kundane for dei utleverte avfallsdunkane.
2. Avfallsdunkane vert å aktivere. Avskrivingsperioden vert sett til 5 år.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart godkjent samrøystes.

Tilråding til vedtak:

1. Styret vedtek med visning til at VØR dette året har hatt god kostnads og inntekts kontroll, å ikkje fakturere kundane for dei utleverte avfallsdunkane.
2. Avfallsdunkane vert å aktivere. Avskrivingsperioden vert sett til 5 år.

SAK: 44-00. AVTALE SORTERING AV PAPIR.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE.)

Styret godkjenner framforhandla kontrakt med TCG om sorteringstenester for papir.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart godkjent samrøystes.

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner framforhandla kontrakt med TCG om sorteringstenester for papir.

SAK: 45-00. DEKKING AV SKADE.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE.)

VØR dekkjer skade på bil som omsøkt. Dekning kto 7570.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Vedteke i tråd med tilråding frå styreleiar.

SAK: 46-00. REFERATSAKER.

Internkontrollsystem / Besøk frå Arbeidstilsynet

Dagleg leiar orienterte om status til Internkontrollsystemet og besøk av Arbeidstilsynet

07.12.00

Gjennomgang av Internkontrollsystemet vert å legge fram for styret i eiga sak i neste møte.

Godkjenning av protokoll.

Avtale om løn til dagleg leiar vart godkjend.

Følgande brev vart lagt fram til vitande:

Brev frå Norsk Returkartong datert 06.12.00.

Brev frå Ørsta Kommune Teknisk sektor. Sak 00/02580.

Brev frå Eldrerådet datert 06.11.00

Oppseiing Tim Sæten

Godtgjersle.

Styret vedtek å gi dei tilsette ei godtgjersle på kr 1000,- dekning kto. 5990.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Bjørn Øren fermja eit framleg til vedtak som styret slutta seg til.

Rett utskrift 14.12.00


Petter Bjørdal
referent


Kari Aamaas


Bjørn Øren

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 30.10.00

Møtet tok til 15.00
Møtet slutta 16.00

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ivar Aarskog
Ann Britt Våge Fannemel
Ove Standal.

Melde avbod: Knut Steinsvik - Leiar i representantskapen

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste. Det var ikkje merknader til møtebok frå 23.10.00

Kari Aamaas og Ove Standal vart valt til å skrive under møteboka.

SAKLISTE:

SAK NR 38-00: BUDSJETT 2001 VEDTAK (5 RØYSTEFØRE.)

1. Styret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå representantskapen å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2001.

Alle summer ekskl. MVA

- | | | |
|----|---|-----------|
| 1 | Hushaldningsgebyr pr abonnent: | |
| | a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 l dunk | kr 1732,- |
| | b) Standardhushald Henting kvar veke 140 l dunk | kr 1929,- |
| | c) Storhushald. Henting kvar veke 240 l dunk | kr 3628,- |
| | d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 l dunk | kr 1615,- |
| | e) Storhushald med kompostering Henting annakvar veke 240 l dunk | kr 3183,- |
| | f) Samarbeid intil 2 abonnentar, henting annakvar veke 140 l dunk | kr 1677,- |
| | g) Samarbeid om 140l/ 240l /340l / 660 l, henting kvar veke pr abonnent | kr 1827,- |
| 2. | Pris pr kolli sekk: | 45,- |
| 3. | Gebyr pr tonn for grovavfall usortert | 1875,- |
| 4. | Gebyr pr tonn for grovavfall sortert | 1555,- |
| 5. | Gebyr pr tonn for levert papp / papir. | 550,- |

6. Gebyr pr tonn for levert sortert metall	550,-
7. Gebyr pr tonn for levert isopor	3500,-
8. Gebyr pr tonn for levert avfall til brenning	1823,-
9. Sorteringsgebyr	600,-
10. Gebyr for næringer:	
a) Årsgebyr	2194,-
b) Årsgebyr 240 l dunk	4388,-
c) Årsgebyr 340 l dunk	6582,-
d) Årsgebyr 660 l dunk	10970,-

SLAM	HEILÅRSBUSTAD.	FRITIDSBUSTAD
11.1 Gebyr pr tank intil 4,5 m3	643,-	321,50
11.2 Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	1024,-	512,-
11.3 Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	1530,-	765,-
11.4 Gebyr pr m3 over 4,5 m3		360,-

Pos 11. Slammet blir tømt annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

2. Styret rår representantskapen til å godkjenne ei låneramme stor kr 3.950.000 til investeringar i år 2001.

Samrøystes vedtak

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteke samrøystes.

Tilråding til vedtak:

1. Styret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå representantskapen å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2001.

Alle summar ekskl. MVA

2 Hushaldningsgebyr pr abonnent:	
a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 l dunk	kr 1732,-
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 l dunk	kr 1929,-
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 l dunk	kr 3628,-
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 l dunk	kr 1615,-
e) Storhushald med kompostering Henting annakvar veke 240 l dunk	kr 3183,-
f) Samarbeid intil 2 abonnentar, henting annakvar veke 140 l dunk	kr 1677,-
g) Samarbeid om 140l/ 240l /340l / 660 l, henting kvar veke pr abonnent	kr 1827,-
11. Pris pr kolli sekk:	45,-
12. Gebyr pr tonn for grovavfall usortert	1875,-
13. Gebyr pr tonn for grovavfall sortert	1555,-
14. Gebyr pr tonn for levert papp / papir.	550,-

15. Gebyr pr tonn for levert sortert metall	550,-
16. Gebyr pr tonn for levert isopor	3500,-
17. Gebyr pr tonn for levert avfall til brenning	1823,-
18. Sorteringsgebyr	600,-
19. Gebyr for næringer:	
a) Årsgebyr	2194,-
b) Årsgebyr 240 l dunk	4388,-
c) Årsgebyr 340 l dunk	6582,-
d) Årsgebyr 660 l dunk	10970,-

SLAM	HEILÅRSBUSTAD.	FRITIDSBUSTAD
11.1 Gebyr pr tank intil 4,5 m3	643,-	321,50
11.2 Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	1024,-	512,-
11.3 Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	1530,-	765,-
11.4 Gebyr pr m3 over 4,5 m3		360,-

Pos 11. Slammet blir tømt annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

2. Styret rår representantskapen til å godkjenne ei låneramme stor kr 3.950.000 til investeringar i år 2001.

**SAK: 39-00. DIVERSE
VEDTAK (5 RØYSTEFØRE.)**

Godkjenning av protokoll.


Følgande protokollar frå møte med dei tilsette vart samrøystes godkjende:

- Lønsforhandlingane med NKF datert 30.10.00
- Lønsforhandlingane med KFO datert 30.10.00

Rett utskrift 30.10.00


Petter Bjørdal
referent


Kari Aamaas


Ove Standal

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 23.10.00

Møtet tok til 15.00

Møtet slutta 18.45

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Bjørn Øren

Knut Steinsvik - Leiar i representantskapen

Melde avbod: Ove Standal. Bjørn Øren møtte istaden

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet.

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste. Det var ikkje merknader til møtebok frå 25.09.00

Kari Aamaas og Bjørn Øren vart valt til å skrive under møteboka.

SAKLISTE:

SAK NR 36-00: REFERAT OG MELDINGAR

Godkjenning av protokoll. Diverse korrespondanse

Følgande protokollar frå møte med dei tilsette vart lagt fram til godkjenning:

- Bemanning på renovasjonsbilane.
- Arbeidstid på miljøstasjonen

Oversendingsframlegg frå Ørsta Kommunestyre vart referert.

Oversendingsframlegg frå Ørsta Kommunestyre vart lagt fram og tatt til vitande.

Fritak for renovasjonsgebyr - Gisle Myklebust.

Brev frå J. Prestegarden, brev frå Ørsta Kommunekasse og brev frå Teknisk Sektor til Jo Prestegarden vart lagt fram og tatt til vitande.

Låneopptak

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE.)

1. Styret vedtek, med visning til tilbod frå tre ulike finansieringsinstitusjonar, å ta opp lån stort kr 2.150.000.

2. Før kontrakt vert underskriven, må administrasjonen undersøkje om renta på eksisterande og nytt lån kan settast ned.

Samrøystes vedtak

Handsaminga.

Ove Lid kom med slik endra tilråding:

1. Styret vedtek, med visning til tilbud frå tre ulike finansieringsinstitusjonar, å ta opp lån stort kr 2.150.000.
2. Før kontrakt vert underskriven, må administrasjonen undersøkje om renta på eksisterande og nytt lån kan settast ned.
Dagleg leiar trekte så administrasjonen sin tilråding.

SAK 37 - 00. BUDSJETTET 2001.

Saka gav ikkje høve til vedtak no.

Handsaminga.

Administrasjonen la fram førebels forslag til budsjett for 2001. Forslaget var delt i ein talldel retta inn på kostnadane i budsjettet og ein del som gjekk på framlegg til avfallsgebyr for 2001 med forslag til differensierte avgifter.

Styret drøfta framlegget nøye. Styret vedtok deretter å møtast på nytt 30.10.00 kl 15.00 for å realitetshandsame budsjettet. Administrasjonen vart bedt om å sende ut det endelege framlegget til budsjett så raskt som råd.


Rett utskrift 23.10.00



Petter Bjørdal
referent



Kari Aamaas



Bjørn Øren

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 25.09.00

Møtet tok til 15.00
Møtet slutta 17.45

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ivar Aarskog
Ann Britt Våge Fannemel
Ove Standal

Melde avbod:
Knut Steinsvik - Leiar i representantskapen

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste. Det var ikkje merknader til møtebok frå 29.06.00

Ove Lid fekk permisjon kl 17.15.
Kari Aamaas og Ove Standal vart valt til å skrive under møteboka.

SAKLISTE:

SAK NR 32-00: REFERAT OG MELDINGAR

Godkjenning av protokoll. Diverse korrespondanse

Protokoll frå lønsfastsetting til arbeidsleiar vart samrøystes godkjent. Elles vart korrespondanse med NKF referert vedkomande fast tilsetting for midlertidig tilsette og overtid.

Møtereferat frå informasjonsmøte med alle tilsette vart referert.

Pensjonist.

Håkon Osvoll er pensjonist frå 24.07.00

Vektbu.

Vedtak vedkomande godkjenning av entrepenør for elektrisk anlegg, vart referert.

Styret gjorde elles slikt samrøystes vedtak: (5 røysteføre)

Utifrå tilboda som ligg føre, får administrasjonen fullmakt til å kjøpe vekt av firmaet Mettler Toledo AS.

Vedtak i samsvar med tilrådinga.

Ny organisasjonsplan.

Oppdatert organisasjonskart gjeldande frå 01.09.00 vart lagt fram til vitande.

SAK 33 - 00. REGNSKAP PR 30.06.00.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret tar det framlagde regnskapet til vitande.

Samrøystes vedtak

Handsaminga.

Administrasjonen la også fram dei førebelse regnskapstala pr 30.08.00, som vart gjennomgått. Ann Britt Våge Fannemel presiserte at personalkostnad ikkje var korrekt ført. Personal-kostnadane første halvår var lavare enn budsjettert.

Vedtak i samsvar med tilrådinga.

Tilråding til vedtak.

Styret tar det framlagde regnskapet til vitande.

SAK 34-00. FAKTURERING AV DUNKANE.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret tar den framlagde informasjon frå administrasjonen til vitande.

Styret ber om å få saka på nytt, etter at kommunene har fakturert renovasjonsgebyra for andre halvår 2000.

Samrøystes vedteke

Handsaminga.

Styret drøfta saka. På grunn av usikkerhet omkring inntektene andre halvår, vert saka å kome tilbake til i oktober / november.

Vedtak i samsvar med tilrådinga.

Tilråding til vedtak.

Styret tar den framlagde informasjon frå administrasjonen til vitande.


Styret ber om å få saka på nytt, etter at kommunene har fakturert renovasjonsgebyra for andre halvår 2000.


SAK NR 35-00: DRØFTINGSSAK; EVALUERING AV DRIFTA - REFERAT FRÅ FORHANDLINGSMØTE 18.09.00.

Handsaminga.

Saka vart drøfta utan å ta den opp til realitetshandsaming.

Rett utskrift 25.09.00


Petter Bjørdal
referent


Kari Aamaas


Ove Standal

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 29.06.00

Møtet tok til 15.00

Møtet slutta 18.30

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Ove Standal

Knut Steinsvik - Leiar i representantskapen

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var merknader til at innkallinga kom seint. Administrasjonen bør få ut papira ei veke før møtet. Det var ikkje merknader til møtebok frå 05.06.00. Ove Lid fekk permisjon kl 17.15. Kari Aamaas og Ove Standal vart valt til å skrive under møteboka.

SAKLISTE:

SAK NR 26-00: REFERAT OG MELDINGAR

Innføring av dunk.

Framdrifta vart referert. Vi er no i slutfasen med å køyre ut dunkane. Utstyret er elles under oppgradering, og skal ifølge verkstedet vere klart til mandag 03.07. Ove Standal bad om å få dokumentasjon på at bretta er godkjende.

Eiga ordning for innsamlinga i Hjørundfjordstranda er i orden. Etter avtale mellom Ove Lid og innbyggjarane i Osdalen kan lignande ordning også omfatte Osdalen, etter nærare avtale med VØR.

Økonomi pr 30.05.00

Resultat pr 30.05. vart referert. Styret vil få seg framlagd halvårsresultatet i siste delen av august.

SAK ~~23~~-00. GODKJENNING AV ORGANISASJONSPLAN / ARBEIDSINNSTRUKSAR

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Tilråding til vedtak.

1. Styret opprettar ny stilling som arbeidsleiar vekt innsamling.
2. Styret tilset Magnar Lid i stillinga som Arbeidsleiar i stillingskode 7003, under føresetnad om at ein vert samde om løns og arbeidsvilkår. Forhandlingsutvalet får fullmakt til å forhandle fram lønsramme og lønskode.

3. Styret godkjenner dei framlagde arbeidsinstruksane til Konsulent, Arbeidsleiar grovavfall - slam og arbeidsleiar vekt - innsamling slik som dei ligg føre.

Punkt 1 og 2 vedteke med 4 mot ei stemme. (Standal) Punkt 3 vedteke samrøystes.

Handsaminga.

Styreleiar kom med endra tilrådinga i punkt 2 i vedtaket, då det ikkje vart helde forhandlingsmøte før styremøtet.

Elles var det diskusjon om reinhaldet på bilane og på anlegget. Styret føreset at orden og reinhald vert ei prioritert oppgåve etter den nye omorganiseringa. Dagleg leiar vart elles også oppmoda om å praktisere strengt punktet om oppmøtestad.

I stillingsinstruksen til konsulent, vart administrasjonen bedt om å sjå på ein korleis føring av regnskap og fakturering kan gjerast mest mogleg effektivt.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Tilråding til vedtak.

4. Styret opprettar ny stilling som arbeidsleiar vekt innsamling.
5. Styret tilset Magnar Lid i stillinga som Arbeidsleiar i stillingskode 7003. Lønnsramme _____ og lønnskode _____.
6. Styret godkjenner dei framlagde arbeidsinstruksane til Konsulent, Arbeidsleiar grovavfall - slam og arbeidsleiar vekt - innsamling slik som dei ligg føre.

SAK NR 28-00: VAL AV ENTREPENØR TIL BYGGING AV VEKTBUD.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Tilråding til vedtak.

1. Styret godkjenner avtale med firmaet K.A Aurstad AS slik den ligg føre.
2. Styret gir dagleg leiar ilag med styreleiar fullmakt til å gå inn avtale med entrepenør på elektro, etter anbudsrunde.
3. Styret vedtek å finansiere utbygginga av vekta ved å bruke rest investeringsramme. Styret viser elles til at det tidsmessig ikkje lar seg gjennomføre å oppgradere slamdeponiet i Alida i år og vedtek derfor å omdisponere kr 200.000,- i vedteken investeringsplan til slamvendar, til byggeprosjektet.
4. Styret vil kome attende til fullfinansiering av byggeprosjektet, når resultatet frå første halvår ligg føre.

Samrøystes vedteke

Handsaminga.

Styret slutta seg til det administrasjonens framlegg. Dagleg leiar vart bedt om å passe på at det ikkje vert overskridingar.

Tilråding til vedtak.

5. Styret godkjenner avtale med firmaet K.A Aurstad AS slik den ligg føre.
6. Styret gir dagleg leiar ilag med styreleiar fullmakt til å gå inn avtale med entrepenør på elektro, etter anbudsrunde.
7. Styret vedtek å finansiere utbygginga av vekta ved å bruke rest investeringsramme. Styret viser elles til at det tidsmessig ikkje lar seg gjennomføre å oppgradere slamdeponiet i

Alida i år og vedtek derfor å omdisponere kr 200.000,- i vedteken investeringsplan til slamvendar, til byggeprosjektet.
Styret vil kome attende til fullfinansiering av byggeprosjektet, når resultatet frå første halvår ligg føre

SAK NR 29-00: SØKNAD OM Å SLEPPE DUNKRENOVASJON OG LIGNANDE..

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Administrasjonen vert beden om å få til løysingar for den enkelte.
Dei abonnentane som treng tilleggstenester kan få dette mot ei yting på kr 312,- + mva.
Desse avtalane skal gjelde eit år i gangen. Administrasjonen lagar til tilbod å sender disse ut til dei abonnentane det gjeld.

Samrøystes vedteke.


SAK NR 30-00: DRØFTINGSSAK; KJØP AV INNSAMLINGSBIL.

Saka vart drøfta utan å realitetshandsame saka. Styret er ikkje innstilt på å overskride investeringsramma no.

SAK NR 31-00: DIVERSE.

Ova Standal bad om at det vert oppretta personalrom for dei tilsette ute på bygderutene.

Rett utskrift 30.06.00


Petter Bjørdal
referent


Kari Aamaas


Ove Standal

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 05.06.00

Møtet tok til 15.00

Møtet slutta 18.00

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ove Lid

Ivar Aarskog

Fråvær: Ann Britt Våge Fannemel, Ove Standal, Knut Steinsvik - Leiar i representantskapen Bjørn Øren vart kalla inn istaden for Ove Standal, men hadde ikkje høve til å møte. Dei andre melde avbod med så kort varsel at det ikkje let seg gjere å kalle inn vara.

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling. Det var ikkje merknader til møtebok frå 03.04.00 Styret vedtok å kalle inn nytt styremøte den 29.06.00 kl 15.00 på VØR. Kari Aamaas og Ivar Aarskog vart valt til å skrive under møteboka.

SAKLISTE:

SAK NR 22-00: REFERAT OG MELDINGAR

Innføring av dunk.

Framdrifta vart referert. Vi er no i gang med å køyre ut dunkane, og håper at vi skal ha fått ut alt til 01.07. Styret vil få seg framlagt dei som ynskjer spesialordningar av helsemessige årsaker, i styremøte 29.06.

Vekt ved bommen.

Framdrift i saka vart referert for styret. Det er gitt to tilbod innafor fristen. Entreprenørane reknar med innflytting i september.

Bøstrand Transport

Dette firmaet har no fått løyve til å drive med sortering av avfall.

Representasjon Avfallsforum - Kristiansund.

Representantar: Kari Aamaas, Petter Bjørdal

Avfallsplan - interkommunalt samarbeid.

Notat frå Ålesundsregionens Utviklingsselskap vart referert for styret. Vi har ein nylig godkjent avfallsplan, og ser det ikkje som aktuelt å gå inn i eit slikt samarbeid i dag .

Tilsettingsavtale Magnar Lid.

Tilsettingsavtalen for Magnar Lid vart lagt fram til vitande.

Møte med Norske Skog vedkomane papirlevering.

\\SERVER\SERVER-D\Dokument-00\Styre og repskap saker\Møtebok S 0506.doc

Petter Bjørdal reiser til møte 20.06

Notat vedkomande levering av avfall frå private på kveldstid i mai mnd.

Notat vedkomande bruken av kveldsope vart utlevert. Styret slutta seg til administrasjonens notat, men bad om at tirsdag vart valt som kveldsopen dag framfor torsdag.

Brev til kommuneforbundet vedkomande tilsette etter 01.07.00

Brev vart lagt fram til orientering.

SAK 23-00. GODKJENNING AV ARBEIDSINNSTRUKSAR

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

Styret godkjenner dei framlagde arbeidsinnstruksane til dagleg leiar, sakshandsamar, sjåførar, renovasjonsarbeidar og prosjektmedarbeidar med dei endringar som ligg føre.

Samrøystes vedteke.

Handsaminga

Styret vart godkjende med følgande endringar i høve til tilrådinga:

Dagleg leiar: Pkt 3. 3 ledd. Setninga skal lyde: Dagleg leiar har tale- og forslagsrett.

Pkt 3. 12 ledd. Setninga skal lyde: Disse skal tilvisast av styreleiar.

Sjåførar pkt 12: Setning i tillegg: Sjåførane er overordna på sitt innsamlingslag.

Sjåførar pkt 13: Endring av ordet internkontrollforskriftene til internkontrollrutinene.

Renovasjonsmedarbeidarar pkt 5. Endring av ordet internkontrollforskriftene til internkontrollrutinene.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Styret godkjenner dei framlagde arbeidsinnstruksane til dagleg leiar, sakshandsamar, sjåførar, renovasjonsarbeidar og prosjektmedarbeidar slik som dei ligg føre.

SAK NR 24-00: INNKØYRING AV AVFALL FRÅ 01.07.00

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

1. Styret godkjenner det framlagde driftsopplegget frå 01.07.00 slik som dei ligg føre.
2. Styret ber om at det blir arbeidd vidare med meir effektiv innkøyring av ytterpunkta på rutene.

Samrøystes vedteke

Handsaminga.

Styret slutta seg til det framlagde forslaget til nye ruter og drift av disse frå 01.07.00.

Styret fremja fellesframlegg om å arbeid vidare med meir effektiv innkøyring av ytterpunkta på rutene. Ivar Aarskog ville hjelpe til på Hjørundfjordstranda. Ove Lid i Osdalen.

Administrasjonen må lage liste som syner kva abonnentar det er aktuelt å tilby anna innsamling.

Tilråding til vedtak.


Styret godkjenner det framlagde driftsopplegget frå 01.07.00 slik som dei ligg føre.

SAK NR 25-00: DRØFTINGSSAK: INNSAMLING AV PAPIR ETTER 01.01.2001.

Saka vart drøfta. Administrasjonen får fullmakt til å arbeide vidare med planane om direkteinnsamling av papir uten sortering, før sluttbehandling.

Rett utskrift 05.06.00


Petter Bjørdal
referent


Kari Aamaas


Ivar Aarskpg

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 03.04.00

Møtet tok til 15.00
Møtet slutta 19.00

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ann Britt Våge Fannemel
Ove Standal
Ivar Aarskog
Knut Steinsvik - Leiar i representantskapen

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga. Det var ikkje merknader til møtebok frå 20.03.00. Fire nye saker vart tatt opp på saklista; Godkjenning av regnskapen for 1999. Orientering om returpunkt. Kjøp av renovasjonsbil. Retningsliner for rygging i bustadfelt. Saklista vart deretter godkjend.

SAKLISTE:

SAK NR 16-00: REVIDERT BUDSJETT 2000.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Styret godkjenner det framlagde reviderte budsjettet dagsett 03.04.00, og ber om at den blir lagt fram for representantskapen til godkjenning.
2. Styret vedtek at fri leveringsmengde med grovavfall til VØR vert sett til 150 kg pr abonnent pr år, med virkning frå 15.04.00. Styret ber administrasjonen kunngjere dette i lokalavisene snarast.
3. Styret ber om at det vert innført nye opningstider i sorteringshallen med virkning frå 01.07.00. Styret ber om at det blir operert med sommar og vinteropningstid. Administrasjonen får fullmakt til å fastsette den endelege opningstida.
4. Styret vedtek å avgrense omfanget av containerar på bygdene, slik at dei med kortaste reiseavstand til VØR må levere der. Styret ber administrasjonen vurdere å slå saman enkelte av innsamlingspunkta, for å gjere innsamlinga meir rasjonell.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes. Dagleg leiar la fram eit revidert budsjett pr 03.04.00, basert på ny kontoplan. Styret gjekk igjennom budsjettet post for post, og sammanlikna årets tal med fjorårs resultatet. Styret bad elles administrasjonen gjennomføre kontroll av dei som har kompostavtale i år.

Tilråding til vedtak:

- 1 Styret godkjenner det framlagde reviderte budsjettet dagsett 03.04.00, og ber om at den blir lagt fram for representantskapen til godkjenning.

2. Styret vedtek at fri leveringsmengde med grovavfall til VØR vert sett til 150 kg pr abonnent pr år, med virkning frå 15.04.00. Styret ber administrasjonen kunngjere dette i lokalavisene snarast.
3. Styret ber om at det vert innført nye opningstider i sorteringshallen med virkning frå 01.07.00. Styret ber om at det blir operert med sommar og vinteropningstid. Administrasjonen får fullmakt til å fastsette den endelege opningstida.
4. Styret vedtek å avgrense omfanget av containerar på bygdene, slik at dei med kortaste reiseavstand til VØR må levere der. Styret ber administrasjonen vurdere å slå saman enkelte av innsamlingspunkta, for å gjere innsamlinga meir rasjonell.

SAK NR 17-00: LØNSSPØRSMÅL- DRØFTINGSSAK.

VEDTAK(5 RØYSTEFØRE)

Styret ber om å få framlagt arb.instruks før ein tar stilling til spørsmålet om plasing i lønsramme.

Samrøystes vedteke

Handsaminga.

Forhandlingsnemda i styret bad om råd i høve lønsrammeplasing og lønsfastsetting for to av funksjonærane. Saka vart lagt fram utan tilråding til vedtak.

SAK NR 18-00: GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 1999.

VEDTAK(5 RØYSTEFØRE)

Styret godkjenner rekneskapen for 1999, og ber representantskapen gjere likelydande vedtak.

Samrøystes vedteke

Handsaminga.

Førebels revisjonsmelding vedkomande rekneskapet for 1999 vart lagt fram. Styret godkjende rekneskapen, og bad om at den vart oversent representantskapen. Ove Lid fremja slikt framlegg til vedtak: Styret godkjenner rekneskapen for 1999, og ber representantskapen gjere likelydande vedtak.

SAK NR 19-00: RETURPUNKT. DRØFTINGSSAK

Handsaminga

Skisse frå arkitekt vart framlagt og tatt til vitande.

SAK NR 20-00: KJØP AV RENOVASJONSBIL.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret vedtek å kjøpe ny renovasjonsbil innafor ei kostnads ramme på kr 1.230.000,- Administrasjonen får fullmakt til å skrive endeleg kontrakt på kjøpet etter synfaring av aktuelle referanser.

Kjøpet vert å finansiere med lån godkjend av Ørsta og Volda Kommunestyre.

Samrøystes vedteke

Handsaminga:

Administrasjonen sin tilråding vart vedteken samrøystes.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek å kjøpe ny renovasjonsbil innafør ei kostnads ramme på kr 1.230.000,-
Administrasjonen får fullmakt til å skrive endeleg kontrakt på kjøpet etter synfaring av
aktuelle referanser.

Kjøpet vert å finansiere med lån godkjend av Ørsta og Volda Kommunestyre.

SAK NR 21-00: RETNINGSLINJER FOR RYGGING I BUSTADFELT.

VEDTAK(5 RØYSTEFØRE)

Styret ber administrasjonen om å skjerpe inn reglane på køyring i ikkje godkjende vegar.

Styret ber om at reglane i renovasjonsforskriftene vert følgde.


Samrøystes vedteke.


Handsaminga.

Administrasjonen tok opp spørsmålet på bakgrunn av at dette, reint sikkerhetsmessig, er ei
uheldig løysing. Styret påpeika at ein ikkje må utsetje sine tilsette for farlige situasjonar, og at
det i gjeldande renovasjonsforskrifter ikkje er opna for å rygge i boligområde.

Styret synes det er viktig å ordne dette no, når ein likevel skal endre rutene.

Rett utskrift 03.04.00


Petter Bjørdal
referent


Kari Aamaas
Kari Aamaas


Ove Standal

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 01.02.00

Møtet tok til 15.00
Møtet slutta 17.45

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Anne Britt Våge Fannemel
Ove Standal
Ivar Aarskog
Knut Steinsvik - Leiar i representantskapen

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal

Det var ikkje merknader til innkalling.

Dagleg leiar bad om at ei sak, grovavfallsplass på Standal, vart tatt opp som ekstrasak.

Det var ikkje merknader til møtebok frå 06.12.99

Kari Aamaas leia møtet.

Representantskapsleiar bad dagleg leiar orientere om drift / organisering og dunkinnføringa på neste møte.

SAKLISTE:

SAK NR 01-00: REFERAT OG MELDINGAR

Organic Power - orientering.

Dagleg leiar orienterte om status i saka.

Søknad om fritak, Magnar Lystad.

Saka vart referert for styret.

REKOM-avtalen.

Styret gav dagleg leiar fullmakt til å skrive avtale med REKOM om utgreiingssarbeid vedkomande returkartong og plastretur.

Onlineløysing med kommunene.

Saka vart referert for styret.

Protokollar frå forhandlingsmøte med NKF.

Protokollar vedkomande lønsfastsetting arbeidsleiar og tilsetting av vikarar vart framlagd og godkjende.

Intensjonsavtale med Ørsta Stål.

Saka vart referert for styret. Styret får saka tilbake når det ligg føre eit kostnadsoverslag.

Sekretariat for NRF.

Styret ser ikkje at VØR kan ta på seg denne oppgåva no.

Val av forhandlingsnemd.

VEDTAK (5 røysteføre)

Styret vel Kari Aamaas og Anne Britt Våge Fannemel som forhandlingsnemd i lønsspørsmål for år 2000.

Omfordeling av aktiva - sal av traktor og Peugeot. Kjøp av varebil.

VEDTAK (5 røysteføre)

Dagleg leiar får fullmakt til kjøpe ein varebil finansiert ved å selje traktoren og Peugeoten.

SAK NR. 2 - 00 ROLF DYRHOL – KLAGE PÅ VEDTAK. Ikkje off § 5 A

VEDTAK (5 røysteføre)

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 17.11.99, og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt blir tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved eit seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

Tilråding:

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 17.11.99, og finn ikkje å kome klagen i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt blir tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved eit seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

SAK NR. 3 - 00 MONA RYSTE – KLAGE PÅ VEDTAK. Ikkje off § 5 A

VEDTAK (5 røysteføre)

Styret for VØR viser til søknad om fritak av 01.11.99 og klage på vedtak av 05.01.2000, og finn ikkje å kome klager på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekning eventuelt vert tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret for VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

Tilråding:

Styret for VØR viser til søknad om fritak av 01.11.99 og klage på vedtak av 05.01.2000, og finn ikkje å kome klager på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekning eventuelt vert tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret for VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

SAK NR. 04 - 00 FRAMTIDIG ORGANISERING AV VØR.

VEDTAK (5 røystefore)

1. Styret vil vise til at VØR sine rammevilkår stadig er i endring, og at framtida vil kreve rask omstillingsevne for å ivareta og styrke kommunenes verdier og innbyggjarane sine krav og behov.
2. Styret i VØR rår arbeidsgruppa som skal vurdere VØR si organisering, om å legge den nye lova om Interkommunale selskap til grunn ved val av framtidig organisasjonsform.
3. Styret ber om at rutineene omkring søknad om låneopptak vert endra. Primært ynskjer styret ei låneramme som VØR må halde seg innafor. Dette er i tråd med det som er gjort i andre interkommunale selskap t.d. MOVAR
Styret vil presisere at kommunestyret fortsatt kan regulere sitt overordna mynde gjennom årlege avgiftsvedtak.

Samrøystes vedteke

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes. Styret fann saksutgreiinga tilfredstillande. Det vart drøfta utsetting av saka, fordi enkelte primært ynskte å diskutere saka med sin partigruppe, men slikt framlegg vart ikkje fremja.

Administrasjonen delte ut notat frå NRF vedkomande konsekvensane av endring av foreiningenslova. Selskapsavtalen frå MOVAR vart også referert på punkt om lånehandsaming og fondsoppbygging.

Disse notata vert å legge ved saka når den går til nemda som vurderer omorganisering av VØR.

Tilråding.

- 1 Styret vil vise til at VØR sine rammevilkår stadig er i endring, og at framtida vil kreve rask omstillingsevne for å ivareta og styrke kommunenes verdier og innbyggerane sine krav og behov.
2. Styret i VØR rår arbeidsgruppa som skal vurdere VØR si organisering, om å legge den nye lova om Interkommunale selskap til grunn ved val av framtidig organisasjonsform.
3. Styret ber om at rutinene omkring søknad om låneopptak vert endra. Primært ynskjer styret ei låneramme som VØR må halde seg innafor. Dette er i tråd med det som er gjort i andre interkommunale selskap t.d. MOVAR
Styret vil presisere at kommunestyret fortsatt kan regulere sitt overordna mynde gjennom årlege avgiftsvedtak.

SAK NR. 05 - 00 DRØFTINGSSAK; GJENNOMGANG AV RENOVASJONS-FORSKRIFTENE.

Handsaminga

Saka vart utsett.

SAK NR. 06 - 00 DRØFTINGSSAK; STRATEGIPLAN

Handsaminga

Dagleg leiar la fram eit førebels notat om strategiplan for VØR, der han forklarte om bakgrunn for, oppbygging av og framdrift for planen.

Saka vart ikkje realitesdrøfta.

SAK NR. 07 - 00. YMSE.

Ingen saker vart tatt opp under dette punktet.

SAK NR. 08 - 00. GROVAVFALLSPASS PÅ STANDAL. VEDTAK (5 røysteføre)

Tilråding til vedtak:


1. Styret tar orienteringa til styreleiar og dagleg leiar til vitande. Styret ser positivt på at det er råd å få etablert ein grovavfallsplass i regionen. Styret vil vise til at det spesielt frå næringslivet er påpeika handikapedet med å ikkje ha eit slikt tilbod i regionen.
2. Styret ber dagleg leiar om å greie ut eit forprosjekt som gir nærare avklaring på grunnspørsmål, fylkesmannen's krav til konsesjon og økonomi. Deretter vert saka å legge fram for styret på ny.


Samrøystes vedteke

Handsaminga.

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

Rett utskrift 01.02.00


Petter Bjørdal
referent

Kari Aamaas



Ove Standal